



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 03.02.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 11:00 - 15:35

Det var opplæring i elektronisk avstemming i starten av møtet.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Hogne Haugsdal, kommunalsjef Anny Bastesen, leiar Plan og analyse Kristin Nåmdal, leiar drift og vedlikehald Kjetil Spurkeland, samfunnsplanleggar Plan og analyse Line T. Waage, rådgjevar Plan og analyse Marte Hagen Eriksrud, leiar eigedomsforvaltning Line Merete Valle, møtesekretær Arthur Kleiveland

Dagleg leiar Baste Tveito i Nordhordland næringslag og Rune Eikeland i CG Labs orienterte under Meldingar og orienteringar.

Sakliste

Saknr	Tittel
023/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/21	Godkjenning av møteprotokoll 06.01.2021
025/21	Rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021
026/21	Utval for næringsutvikling og drift si rolle i prosjektet "Innovativ datafangst og analyse"
027/21	Meldingar og orienteringar i ND 03.02.2021

023/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 03.02.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 023/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

024/21: Godkjenning av møteprotokoll 06.01.2021

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 03.02.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes møteprotokoll for møte 06.01.2021.

ND- 024/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

025/21: Rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021 blir vedtatt slik dei ligg føre i saka.

Utval for næringutvikling og drift 03.02.2021:

Behandling:

Kommunalsjef Hogne Haugsdal og hovudprosjektleder Samfunnsutvikling Tove Hagenes orienterte i saka og svara på spørsmål.

Utvalsleder Stian Lavik-KRF sette fram følgjande tilleggframlegg:

Utvalet ber om at det vert ståande igjen 100 000 etter sakshandsaming ved siste handsaming

i året. Dette gjeld det ordinære næringsfondet.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Utvalet vedtok samrøystes Stian Lavik sitt tilleggsframlegg.

ND- 025/21 Vedtak:

Rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021 blir vedtatt slik dei ligg føre i saka, med følgjande tillegg:
Utvalet ber om at det vert ståande igjen 100 000 etter sakshandsaming ved siste handsaming i året. Dette gjeld det ordinære næringsfondet.

026/21: Utval for næringsutvikling og drift si rolle i prosjektet "Innovativ datafangst og analyse"

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I sak 27/20 (utval for næringsutvikling og drift) blir det gjort følgjande endringar i punkt 2 i vedtaket:

- Utval for næringsutvikling og drift vil vere referansegruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet. Prosjektet orienterer referansegruppa ved behov eller når utvalet ønskjer det.

Utval for næringsutvikling og drift 03.02.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 026/21 Vedtak:

I sak 27/20 (utval for næringsutvikling og drift) blir det gjort følgjande endringar i punkt 2 i vedtaket:

- Utval for næringsutvikling og drift vil vere referansegruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet. Prosjektet orienterer referansegruppa ved behov eller når utvalet ønskjer det.

027/21: Meldingar og orienteringar i ND 03.02.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 03.02.2021:

Behandling:

- Dagleg leiar Baste Tveito i Nordhordland næringslag orienterte om prospekt/søknad for Mongstad som lokalisering for batterianlegg.
Han orienterte også om konsekvensar/status for næringslivet i Alver/Nordhordland under koronapandemien.

- Leiar Kristin Nåmdal orienterte om Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland og om utkast til planprogram.

- Leiar drift og vedlikehald Kjetil Spurkeland i Alver kommune og Rune Eikeland i CG Labs gav ei statusoppdatering om droneprosjektet og presenterte ei rekkje aktuelle bruksområde.

- Samfunnsplanleggar Plan og analyse Line T. Waage og rådgjevar Plan og analyse Marte Hagen Eriksrud orienterte om kommuneplanen - samfunnsdelen - politisk prosess og strategi.

- Kommunalsjef Hogne Haugsdal orienterte om framdrift for arbeidet med Strategisk næringsplan (temaplan).

- Leiar eigedomsforvaltning Line Merete Valle orienterte om status for prosessen vedk. alternative plasseringar i reinseanlegg i Kvassneset.

Ho gav også løypemelding for pågåande prosjekt med fokus på ekstraordinære vedlikehaldsprosjekt med statlege tilskotsmidlar.

Valle orienterte vidare om mogleg samkjøring av banedekke kunstgras i Knarvik og på Ostereidet.

- Kommunalsjef Anny Bastesen orienterte om status på byggesakshandsaming i Alver, med fokus på saksmengde, kapasitet og bemanning.

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande endringsframlegg:

Utvalet takkar for det gode arbeidet som er gjort med søknad om etablering av batterifabrikk på Mongstad, både frå ordførar og administrasjon i Alver og Austrheim, og andre aktører som har vore med i dette. Dette har potensiale til å bli ei av dei viktigaste sakene for Alver framover, både med tanke på næringsutvikling og arbeidsplassar.

Utvalet vil peika på viktigheita av at næringa og næringsaktørene blir godt involvert i prosessen med Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland - både med tanke på endelig plan og med tanke på mellombels løysingar undervegs, og ber om at dette blir tatt med i planprogrammet. Havbruksnæringa har vist både vilje og evne til å bidra til å utvikla næring til å vera berekraftig framover.

Utvalet ber også om jamnlege orienteringar om denne saka framover.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at droneprosjektet allereie ser ut til å gje gode gevinstar, og peikar på viktigheita av slik innovasjon og samarbeid med næringslivet i kommunen. Utvalet vil oppmoda til at kommunen er på utkikk etter tilsvarande prosjekt, samarbeid, og innovasjonar framover.

Utvalet er glad for at kommunen har tatt tak i situasjonen kring byggesakshandsaming. Enn vil be om at dette framleis har eit høgt fokus, og at ein sikrar midlertidig arbeidskraft på kort sikt, og lyser ut det som trengs av stillingar på lang sikt.

Utval for næringsutvikling og drift takkar elles for gode orienteringar.

Endringsframlegget frå utvalsleiar Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt endringsframlegg.

ND- 027/21 Vedtak:

Utvalet takkar for det gode arbeidet som er gjort med søknad om etablering av batterifabrikk på Mongstad, både frå ordførar og administrasjon i Alver og Austrheim, og andre aktører som har vore med i dette. Dette har potensiale til å bli ei av dei viktigaste sakene for Alver framover, både med tanke på næringsutvikling og arbeidsplassar.

Utvalet vil peika på viktigheita av at næringa og næringsaktørene blir godt involvert i

prosessen med Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland - både med tanke på endelig plan og med tanke på mellombels løysingar undervegs, og ber om at dette blir tatt med i planprogrammet. Havbruksnæringa har vist både vilje og evne til å bidra til å utvikla næring til å vera berekraftig framover.

Utvalet ber også om jamnlege orienteringar om denne saka framover.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at droneprosjektet allereie ser ut til å gje gode gevinstar, og peikar på viktigheita av slik innovasjon og samarbeid med næringslivet i kommunen. Utvalet vil oppmoda til at kommunen er på utkikk etter tilsvarande prosjekt, samarbeid, og innovasjonar framover.

Utvalet er glad for at kommunen har tatt tak i situasjonen kring byggesakshandsaming. Enn vil be om at dette framleis har eit høgt fokus, og at ein sikrar midlertidig arbeidskraft på kort sikt, og lyser ut det som trengs av stillingar på lang sikt.

Utval for næringsutvikling og drift takkar elles for gode orienteringar.